



Margit Johanne Kvalheim
KYRKJEBØVEGEN 428
6995 Kyrkjebø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/9689 - 22/31108

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:

22.04.2022

Vedkomande søknad om omdisponering av gbnr 428/107 Kvalheim nedre

Vi syner til Dykkar søknad om omdisponering av eigedom gbnr 428/107 frå LNF-føremål til bustadføremål. Det går fram av søknad at eigedomen tidlegare har vore avsett til bustadområdet.

Vår vurdering:

Slik det kan sjå ut er dette ei parsell som på eit tidspunkt har vore tilknytt garden. Og slik sett har den vore ei bustadeigedom innafor landbruksbegrepet. Slik situasjonen er no i dagens kommunedelplan for Radøy er dette ei LNF-føremål. Tilgrensa, og bebygga eigedomar er i siste kommunedelplan sett av til LNF-spreidd bustadføremål.

Permanent endring av planstatus gjennom plan:

Omdisponering, altså permanent endring av eigedomens planstatus skjer gjennom planprosessar, og kan ikkje gjerast i eit enkeltvedtak.

Arbeid med ny kommuneplan for Alver kommune er no i gang og det vil bli opna opp for innspel knytt til dette arbeidet.

Dispensasjon:

Dersom ein ynskjer å byggje på denne eigedomen i dag, og før ei eventuell endring av planstatus, er det naudsynt å søkje dispensasjon frå LNF-føremålet. Dette er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva ein søker dispensasjon frå (LNF-føremålet), og søknad må vere grunngjeve og nabovarsla.

Søknad må også innehalde målsatte teikningar av bustad og eit målsatt situasjonskart som syner plassering og avstand i frå nabogrense og veg.

Slik saka ligg no er ikkje den søkt innafor det området byggjesak forvaltar, og det er ikkje mogeleg å endra status gjennom eit enkeltvedtak.

Dersom ein ynskjer å søkje dispensasjon ber vi om at saka supplerast med den dokumentasjon som vi syner til over.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Margit Johanne Kvalheim

KYRKJEBØVEGEN 428

6995

Kyrkjebø